

Førde by feirar 20 år!

Det er 20 år sidan Førde fekk bystatus og det skal vi feire!

Vi startar jubileumshelga 17.-19.februar med folkevandring opp "bystien" til Hafstadjellet

fredag 17.2. kl 18.00.

Oppmøte ved Rådhuset.

Førde Kommune har 1000 faklar og det reknar vi sjølvsagt ikkje med er nok, så ta med hovudlykt ☺.

Skulle vinteren brått kome, opnar det for ski, truger, kjelke og akebrett.

Du kan følge fakkeltoget heilt til topps, snu halvvegs, eller berre gå opp trappene og retur via Lysthaugen og Nynorskens skog.

Uansett - di deltaking er verdifull!

Det vil vere eit vakkert syn å sjå faklar heile vegen opp.

Det vil også vere eit vakkert syn å sjå alle Førdeglade folk samlast for å feire byjubileumet. Bur du i nabokommunen, så er du hjarteleg velkomen til å bli med. Dette er også din by!

Vi oppfordrar alle lag og organisasjonar, alle nabolag, familie og venner og alle bedrifter til å bli med på denne uformelle og enkle markeringa som startar feiringa av Førde by som 20 år.

Er du med på å bygge fellesskap og samhald for byen vår?



Følg med på gruppa som vert oppretta på Facebook. Bruk #VårtFørde på Instagram og Snapchat

-på initiativ frå arrangementsgruppa for feiring av byjubileumet-